



I morgon ettermiddag klokka 15 går årets Ungdommens Kulturmønstring av stabelen i Kulturhuet på Husnes og publikum vil få høyra to frå Uskedalen:

Birte Nybakk som syng, akkompagnert av Ingebjørg Haugland på piano.

Det er berre desse to frå vår bygd som deltek i år, opplysar musikkskulerektor og leiar av UKM Rolf Lothe til uskedalen.no

Tilsaman blir det 13 innslag frå scena og i tillegg er det to som stillar ut måleri.

Det er 30 aktørar og det vil seia at oppslutnaden er den same som i fjor. Lothe trur det blir ei fin mønstring, med god variasjon.

På biletet syng Birte saman med Røysterett for alle i Aktivitetshuset.

(Foto: Ola Matti Mathisen)